



Alutec As
Øyvind Pedersen
Industrivegen 43
5210 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/9109 - 23/24377

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
28.03.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 1/171 Flatøy

Tiltak: Flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 1/171
Tiltakshavar: Viggo Systaddal Færøy
Ansvarleg søkjar: Alutec As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.12.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ved ny gjennomgang av sak etter uttale oppdaga at området vert fanga opp av føresegn 1.1 i kommunedelplan til Meland.

Det går her fram at for reguleringsplanar som går fram av tabell 1 og 2, gjeld kommuneplanen sin arealdel framfor reguleringsplan. Det aktuelle tiltaket er nemnt i tabell 1, reguleringsplan for Flatøy Vest felt N_2. Dette inneber at det er kommunedelplan for Meland som er planstatus for eigedom, og ikkje reguleringsplan for Flatøy Vest. Dette inneber at det er lagt til grunn feil planstatus for eigedom.

Legg her ved utklipp av føresegn og tabell til orientering:

1.1 Tilhøve mellom kommuneplanens arealdel og gjeldande reguleringsplanar

Vedtekne reguleringsplaner som vist i tabell 10 gjeld før kommuneplanen sin arealdel . For reguleringsplaner som går fram av tabel 1 og 2 gjeld kommuneplan sin arealdel før gjeldane reguleringsplan.

Øvrige reguleringsplaner skal gjelde i samsvar med punkt. 4.7

2. Søknad må supplerast med dispensasjon frå plankrav i kommunedelplan frå Meland, jf. føresegn 1.2.
3. Søknad må supplerast med dispensasjon frå arealføremål «næringsbygningar» i kommunedelplan for Meland.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **27.04.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alutec As
Viggo Systaddal Færøy

Industrivegen 43
Heiane 16a

5210 OS
5919 FREKHAUG